

Møteprotokoll

Utval:	Fylkestinget	
Møtestad:	Quality Hotel Edvard Grieg, Sandsli	
Dato:	03.03.2020	04.03.2020
Tid:	11:00-17:25	09:00-18:40

Dag 1
Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Funksjon	Representere	Merknad
Anne Gine Hestetun	Medlem	A	
Arve Helle	Medlem	A	
Jannicke Bergesen Clarke	Medlem	A	
Emil Lennart Pålíkoff Gadolin	Medlem	A	
Karianne Alette Torvanger	Medlem	A	
Stian Jean Opedal Davies	Medlem	A	
Kine Bratli Dale	Medlem	A	
Torbjørn Vereide	Medlem	A	
Nina Bognøy	Medlem	A	
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A	
Linda Monsen Merkesdal	Medlem	A	
Per Jarle Valvatne	Medlem	A	
Senea Sabanovic	Medlem	A	
Kjell Gitton Håland	Medlem	A	
Trym Helge Aafloy	Medlem	FNB	
Knut Inge Andersen	Medlem	FNB	
Morten Klementsén	Medlem	FNB	
Odd Erik Lind	Medlem	FNB	
Nils Haugland	Medlem	FNB	
Hege Nygård Dale	Medlem	FNB	
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP	
Helge Stormoen	Medlem	FRP	
Rosalind Fosse	Medlem	Frp	
Frank Willy Pedersen Djuvik	Medlem	Frp	
Bjarte Vatnøy	Medlem	Frp	
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H	
Noralv Distad	Medlem	H	
Svein Kolbein Halleraker	Medlem	H	
Dan Stian Femoen	Medlem	H	
Hanne Eva Husebø Kristensen	Medlem	H	
John Andre Kongsvik	Medlem	H	
June Vibecke Knudtsen Indrevik	Medlem	H	
Jana Midelfart Hoff	Medlem	H	
Sonja Merethe Øvre-Flo	Medlem	H	
Karl Vågstøl	Medlem	H	
Lise-May Sæle	Medlem	H	
Gunnar Moland	Medlem	H	
Trude Brosvik	Medlem	KrF	
Tor André Ljosland	Medlem	KrF	Til kl. 13:00
Natalia Antonia Golis	Medlem	MDG	Permisjon kl. 13:00-17:10
Mark Taylor	Medlem	MDG	
Mona Høgli	Medlem	MDG	
Øyvind Strømmen	Medlem	MDG	
Kurt Johnny Hæggernæs	Medlem	Pp	
Jeanette Onarheim Syversen	Medlem	R	

Terje Kollbotn	Medlem	R	
Jon Askeland	Medlem	Sp	
Jenny Ellaug Følling	Medlem	Sp	
Aleksander Øren Heen	Medlem	Sp	
Sigrd Brattabø Handegard	Medlem	Sp	
Hilde Horpen	Medlem	Sp	
Alexander Fosse Andersen	Medlem	Sp	
Sigurd Erlend Reksnes	Medlem	Sp	
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	Medlem	Sp	
Gunn Åmdal Mongstad	Medlem	Sp	
Lars Fjeldstad	Medlem	Sp	
Marthe Hammer	Medlem	SV	
Åsmund Berthelsen	Medlem	SV	
Symphorien Pombe	Medlem	SV	
Marianne Sæhle	Medlem	SV	
Alfred Jens Bjørlo	Medlem	V	Permisjon kl. 11:00-12:30

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representere	Merknad
Gunhild Berge Stang	Medlem	V	
Kristina Vakt skjold Hamre	Medlem	KrF	
Pauline Tomren	Medlem	MDG	
Terje Søviknes	Medlem	Frp	

Følgjande varamedlemer møte:

Namn	Møtte for	Representere	Merknad
Renate Møgster Klepsvik	Terje Søviknes	Frp	
Jon Olav Økland	Kristina Vakt skjold Hamre	KrF	
Mariel Eikeset Koren	Pauline Tomren	MDG	
Agnes Hoshovde Bernes	Gunhild Berge Stang	V	
Bjørn-Harald Haugsvær	Tor André Ljosland	KrF	Frå kl. 13:00

Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann
Ingrid Holm Svendsen	Fylkesdirektør for organisasjon og økonomi
Paal Fosdal	Fylkesdirektør for strategi og digitalisering
Bjørn Lyngedal	Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport
Dina Lefdal	Fylkesdirektør for infrastruktur og veg
Bård Sandal	Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling
Per Morten Ekerhovd	Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering
Bertil Søfteland	Seksjonsleiar for politisk sekretariat
Ingeborg Strandberg	Rådgjever, politisk sekretariat /møtesekretær

Dag 2

Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Funksjon	Representere	Merknad
Anne Gine Hestetun	Medlem	A	
Arve Helle	Medlem	A	
Jannicke Bergesen Clarke	Medlem	A	
Emil Lennart Pålikoff Gadolin	Medlem	A	Frå kl. 12:30
Karianne Alette Torvanger	Medlem	A	
Stian Jean Opedal Davies	Medlem	A	
Kine Bratli Dale	Medlem	A	
Torbjørn Vereide	Medlem	A	
Nina Bognøy	Medlem	A	
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A	Til kl. 16:00
Linda Monsen Merkesdal	Medlem	A	

Per Jarle Valvatne	Medlem	A	
Senea Sabanovic	Medlem	A	
Kjell Gitton Håland	Medlem	A	
Trym Helge Aafloy	Medlem	FNB	
Knut Inge Andersen	Medlem	FNB	
Morten Klementsens	Medlem	FNB	
Odd Erik Lind	Medlem	FNB	
Nils Haugland	Medlem	FNB	
Hege Nygård Dale	Medlem	FNB	
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP	
Helge Stormoen	Medlem	FRP	
Rosalind Fosse	Medlem	Frp	
Frank Willy Pedersen Djuvik	Medlem	Frp	
Bjarte Vatnøy	Medlem	Frp	
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H	
Noralv Distad	Medlem	H	
Svein Kolbein Halleraker	Medlem	H	
Dan Stian Femoen	Medlem	H	
Hanne Eva Husebø Kristensen	Medlem	H	Til kl. 18:30
John Andre Kongsvik	Medlem	H	
June Vibecke Knudtsen Indrevik	Medlem	H	
Jana Midelfart Hoff	Medlem	H	Frå kl. 11:15
Sonja Merethe Øvre-Flo	Medlem	H	Til kl. 18:30
Karl Vågstøl	Medlem	H	
Lise-May Sæle	Medlem	H	
Gunnar Moland	Medlem	H	
Trude Brosvik	Medlem	KrF	
Tor André Ljosland	Medlem	KrF	
Natalia Antonia Golis	Medlem	MDG	Til kl. 18:15
Mark Taylor	Medlem	MDG	
Mona Høgli	Medlem	MDG	
Øyvind Strømmen	Medlem	MDG	
Kurt Johnny Hæggernæs	Medlem	Pp	Frå kl. 11:00
Jeanette Onarheim Syversen	Medlem	R	
Terje Kollbotn	Medlem	R	
Jon Askeland	Medlem	Sp	
Jenny Ellaug Følling	Medlem	Sp	
Aleksander Øren Heen	Medlem	Sp	
Sigrid Brattabø Handegard	Medlem	Sp	
Hilde Horpen	Medlem	Sp	
Alexander Fosse Andersen	Medlem	Sp	
Sigurd Erlend Reksnes	Medlem	Sp	
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	Medlem	Sp	
Gunn Åmdal Mongstad	Medlem	Sp	
Lars Fjeldstad	Medlem	Sp	Frå kl. 10:20
Marthe Hammer	Medlem	SV	
Åsmund Berthelsen	Medlem	SV	
Symphorien Pombe	Medlem	SV	
Marianne Sæhle	Medlem	SV	Permisjon kl. 14:50-15:05
Alfred Jens Bjørlo	Medlem	V	

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representere	Merknad
Gunhild Berge Stang	Medlem	V	
Kristina Vakt skjold Hamre	Medlem	KrF	
Pauline Tomren	Medlem	MDG	
Terje Søviknes	Medlem	Frp	

Følgjande varamedlemer møte:

Namn	Møtte for	Representere	Merknad
Renate Møgster Klepsvik	Terje Søviknes	Frp	
Jon Olav Økland	Kristina Vakt skjold Hamre	KrF	
Mariel Eikeset Koren	Pauline Tomren	MDG	
Geir Kjell Andersland	Gunhild Berge Stang	V	
Roald Stigum Olsen	Jana Midelfart Hoff	H	Til kl. 11:15
Samson Hamre	Lars Fjeldstad	Sp	Til kl. 10:20
Katrine Johannessen	Emil Gadolin	A	Kl. 09:00-12:30
Katrine Johannessen	Rasmus Rasmussen	A	Frå kl. 16:00

Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann
Ingrid Holm Svendsen	Fylkesdirektør for organisasjon og økonomi
Paal Fosdal	Fylkesdirektør for strategi og digitalisering
Bjørn Lyngedal	Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport
Dina Lefdal	Fylkesdirektør for infrastruktur og veg
Bård Sandal	Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling
Per Morten Ekerhovd	Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering
Bertil Søfteland	Seksjonsleiar for politisk sekretariat
Ingeborg Strandberg	Rådgjevar, politisk sekretariat /møtesekretær

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 2/20	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
GK 3/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i fylkestinget 17.-18. desember 2019	2020/733	
GK 4/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møtet i fylkestinget 10.02.2020	2019/65	
	Referatsaker		
RS 2/20	Endring av reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune til forskrifts form	2020/35585	
RS 3/20	Melding om justert framdrift for arbeidet med ny budsjettmodell	2020/35844	
RS 4/20	Oppfølging av verbalpunkt 3 i budsjettvedtak for 2020 - tariffavtale på hotell til fylkestinget	2020/37274	
RS 5/20	HO-tilbod i Sunnhordland og TO-tilbod på Bømlo vidaregåande skule	2019/153	
	Skriftlege spørsmål		
SI 2/20	Spørsmål frå Ljosland (KrF) - rutine for varsling av alvorlig IKT-svikt	2020/38002	
	Politiske saker		
PS 2/20	Selskapskontroll av Ferde AS - Revisjonsrapport	2019/75	
PS 3/20	Årsmelding 2019 for kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune	2020/37302	
PS 4/20	Årsmelding 2019 for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune	2020/37302	
PS 5/20	Regionreforma. Oppgaveoverføring frå Kulturdepartementet til fylkeskommunen	2020/36448	
PS 6/20	Krav til driftsstøtte gjennom budsjettvedtak til kunst, kultur og idrett	2020/1246	
PS 7/20	Oppretting av Moster 2024 AS	2020/861	
PS 8/20	Nynorskfylket Vestland: Utviding av nettverket. Politisk sak	2020/36130	
PS 9/20	Handlingsprogram for kollektiv 2020-2023	2020/121	

PS 10/20	Oppfølging av regjeringa sitt bompengeforlik	2020/36709
PS 11/20	Forslag til ny forskrift med innføring av miljøkrav til drosjenæringa	2019/55
PS 12/20	Nye retningslinjer for bompengeprojekt- Stadfesting av garantivedtak for Kvinnheradpakken og for ny Bømlopakke	2020/34796
PS 13/20	Reglement for folkevalde organ og delegering - revidering og vidare arbeid	2019/13
PS 14/20	Hovudmål for innkjøp i Vestland fylkeskommune	2020/37072
PS 15/20	Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune - oppnemning av saksordførar	2019/146
PS 16/20	Ny inntaksmodell til vidaregåande opplæring - oppnemning av saksordførar	2020/40283
PS 17/20	Ny budsjettmodell for dei vidaregåande skulane - oppnemning av saksordførar	2020/40283
PS 18/20	Val til styringsorgan i stiftingar, selskap og andre organisasjonar for fylkestingsperioden 2019-2023	2019/11

Godkjenningssaker

GK 2/20 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i 03.03.2020 - fylkestinget

Møteinnkallinga vart godkjent utan merknadar.

Saklista vart godkjent utan merknadar.

SAKER SETT PÅ SAKSKARTET I LØPET AV TINGSETET

Fylkestinget sette SI 3/20 Interpellasjon frå Davies (A) - Klimakrise på saklista for møtet utan saksførelegg:

- PS 21/18 Global klima- og økologisk krise.

Øyvind Strømmen (MDG) sette fram forslag til uttale om flyktingar frå greske flyktingeleire.

Fylkestinget vedtok samrøystes å realitetsbehandle forslaget.

Hilde Horpen (Sp) sette fram forslag til uttale «Få Gulatingslova heim!»

Fylkestinget vedtok samrøystes å realitetsbehandle forslaget.

Jeanette Syversen (R) sette fram forslag til uttale for eit trygt arbeidsliv i Vestland.

Fylkestinget tok stilling til om forslaget skulle realitetsbehandlast.

37 av representantane (Sp, H, Frp, FNB, KrF) røysta mot at forslaget skulle realitetsbehandlast. Forslaget vart dermed ikkje realitetsbehandla, jf. kommunelova § 11-3.

Følgjande saker vert difor sett på saklista for møtet utan saksførelegg:

- PS 22/18 Uttale om flyktingar frå greske flyktingeleire.
- PS 22/18 Få Gulatingslova heim!

GK 3/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i fylkestinget 17.-18. desember 2019

Saksprotokoll i 03.03.2020 - fylkestinget

Møteprotokollen frå møte i fylkestinget 17.-18.12.2019 vart godkjent utan merknadar.

GK 4/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møtet i fylkestinget 10.02.2020

Saksprotokoll i 03.03.2020 - fylkestinget

Møteprotokollen frå møtet i fylkestinget 10.02.2020 vart godkjent utan merknadar.

Referatsaker

RS 2/20 Endring av reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune til forskrifts form

Saksprotokoll i 03.03.2020 - fylkestinget

RS 2/20 vart referert.

RS 3/20 Melding om justert framdrift for arbeidet med ny budsjettmodell

Saksprotokoll i 03.03.2020 - fylkestinget

RS 3/20 vart referert.

RS 4/20 Oppfølging av verbalpunkt 3 i budsjettvedtak for 2020 - tariffavtale på hotell til fylkestinget

Saksprotokoll i 03.03.2020 - fylkestinget

RS 4/20 vart referert.

RS 5/20 HO-tilbod i Sunnhordland og TO-tilbod på Bømlo vidaregåande skule

Saksprotokoll i 03.03.2020 - fylkestinget

RS 5/20 vart referert.

Skriftlege spørsmål

SI 2/20 Interpelasjon frå Sæhle (SV) - beredskapsplaner for de vidaregåande skolene

Saksprotokoll i 03.03.2020 - fylkestinget

Fylkesordførar gav slikt svar:

«Alle dei vidaregåande skulane i Vestland har beredskapsplanar. Desse har inntil vidare ulik form og omfang, men alle omtalar rutinar ved uønskte hendingar, som t.d. trugslar, vald og skuleskyting.

Fylkesrådmannen har 26.02.2020 stilt skulane følgjande spørsmål:

1. Har skulen gjennomført kriseøving (ar) dei siste 12 månadene?
2. Har elevane vore med på øvinga(ne)?
3. Kva var tema for øving(ane)

Alle skulane har svart på spørsmåla.

29 av dei 49 fylkeskommunale skulane i Vestland har gjennomført kriseøving dei siste 12 månadene. Dei fleste av øvingane har vore gjennomførde som tabletop-øvingar eller som fullskala øvingar. 17 øvingar har vore gjennomførde med elevar.

Fylkesrådmannen har bestemt at krise- og beredskapsplanane på dei vidaregåande skulane skal vere reviderte og etter ein felles mal til 15.09.2020.

Krise- og beredskapsplanane skal forankrast i lover og forskrifter som regulerer området, i fylkeskommunen sin overordna kriseplan og HMT-arbeidet elles, og med utgangspunkt i ROS-analysen som skal gjennomførast innan 30.4.2020. Eigedomstenesta må involverast i revisjonane.

Skulane skal også samarbeide med vertskommune og lokalt politi i dette arbeidet.

Det skal også gjennomførast ROS-analyse og utarbeidast beredskapsplan for rettleiingstenestene og avdeling for opplæring og kompetanse.

Det er utarbeidd slik plan for det vidare arbeidet i 2020:

- Innan utgangen av januar/februar: skulane har oppdatert lokal organisering av kriseberedskapen til bruk for fylkesrådmannen i det overordna beredskapsarbeidet i Vestland
- Innan utgangen av april: skulane, rettleiingstenestene og avdelinga har gjennomført ROS-analyse etter felles mal
- Det er planlagt et kurs i ROS i regi av Fylkesmannen i Vestland i nær framtid for dei som har behov for det.
- Innan utgangen av mai: mal for beredskapsplanane skal vere ferdig
- 15. september: skulane sine beredskapsplanar skal vere ferdige.
- Oktober: Det skal gjennomførast tabletop-øving på skulane og på avdelinga
- November: øvingane skal evaluerast»

SI 3/20 Interpellasjon frå Davies (Ap) - klimakrise

Saksprotokoll i 03.03.2020 - fylkestinget

Fylkesordføraren gav slikt svar:

«Spørsmål 1

Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommune har begge, med vedtak i dei to fylkestinga, erklært klima- og miljøkrise i 2019. I begge vedtaka står det at dette også er eit premiss for det vidare arbeidet i Vestland. Desse føringane ligg såleis til grunn for fylkesordføraren sitt arbeid, slik det òg vil gjere for eit samla fylkesting, og for administrasjonen i Vestland fylkeskommune. Eg er eining i at vi står overfor ei klima- og miljøkrise eller økologisk krise, om ein vil bruke den nemninga.

Slik fylkesordføraren ser det har vi ei svært viktig rolle i arbeidet med å stoppe klimaendringane, jf. berekraftsmål nr. 13. Vi er i gang med arbeidet, men vi er likevel avhengig av å auke innsatsen for å kunne nå måla vi har sett oss. Rammevilkåra fylkeskommunane har framover, og bidraga vi får frå nasjonalt nivå er avgjerande for at vi kan lukkast i arbeidet med å klimaomstille fylket.

Vedtaka om klima- og miljøkrise inngår også i føringane for arbeidet med utforming av Utviklingsplan for Vestland 2020-2024. Som de kjenner til vert det no arbeidd med å utarbeide mål, strategiar og planbehov for perioden. Som ei tilråding for vidare arbeid vedtok Planutvalet i januar 2019 m.a. at:

Planutvalet legg til grunn at regional planstrategi og vektlegging av dei ulike berekraftmåla skal bidra til å styrkja nærings- og folketalsutviklinga i fylket (saksnr. 2020/1420-1)

1. Planutvalet sluttar seg til desse overordna måla for Regional planstrategi 2020-2024:

Mål 1 Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

Mål 2 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland

Mål 3 Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping

Mål 4 Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg.

Spørsmål 2

Vestland fylke må ta leiarrolla, som det mest klimaomstillingsdyktige fylket i landet. Dette fordi eg meiner at Vestland alt spelar ei avgjerande rolle for det grøne skiftet i Noreg, pga ferjer, bussar, hurtigbåtar, eldrosjar. Det er her det skjer, og det som skjer er drive fram av eit aktivt næringsliv og handlingar med stor nytteverdi. Me kan dermed leia an i lokal handling, som gir teknologi som kan seljast globalt. Dermed er det også grunnlag for ein sterkare innbyggjarvilje til å vera med på klimadugnaden. I åra framover må samfunnet gjennom ei omfattande omstilling for å førebu seg på utfordringane knytt til overgangen frå ein oljebasert- til ein kunnskapsbasert økonomi og eit grønt skifte.

Forslag til «Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020» som nyleg vart handsama i Hovudutval for næring peiker på at overgangen frå fossil til grøn og fornybar energi, nullutslepptransport og grønt næringsliv kan skape nye arbeidsplassar i Vestland. Programmet skal bidra til lokal verdiskaping basert på grøn konkurransekraft. Vi ser allereie konturane av dette i prosessen med ferjeanboda og anbod på hurtigbåt, der også lokale leverandører jobbar for å levere. Slik kan næringslivet i Vestland bidra til å løyse globale utfordringar og å redusere klimagassutslepp og miljøulemper samstundes som verdiskaping og sysselsetting blir trygga.

Å stoppe klimaendringane er ei felles utfordring der vi saman må kome opp med dei gode løysingane. Her vert berekraftsmål nr 17. samarbeid om å nå måla viktig.

Vedtak i dei to tidlegare fylkestinga:

Hordaland fylkesting sette «Erklæring av klimakrise og miljøkrise» PS 61/19 på dagsorden på junimøtet i 2019. Følgjande vart vedteke:

1. Hordaland fylkesting erklærer at vi nå lever i en klima- og miljøkrise
2. Fylkesrådmann bes sikre at dett er et premiss for videre arbeid i Hordland og nye Vestland.

Sogn og Fjordane fylkesting erklærte klima- og miljøkrise 8.10.2019 jfr. kommunelova kap. 6A om innbyggjarinitiativ. Følgjande vart vedteke:.

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune erklærer klima- og miljøkrise. Vi erkjenner at fylket står overfor utfordringar som er omfattande og krev ekstraordinære tiltak.
2. Vi ønskjer å styrke klimaomstillinga ved å setje i verk berekraftige tiltak til beste for samfunnet, innanfor naturen sine tolegrensar.
3. Vi oppmodar om å erklære nasjonal klima- og miljøkrise, då mykje av handlingsrommet ligg på nasjonalt nivå.
4. Dette skal vere eit premiss for det vidare arbeidet i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Vestland fylkeskommune.»

Stian Jean Opedal Davies (A) sette fram slikt forslag:

«Nytt forslag:

- Vestland fylkesting erklærer global klima- og økologisk krise.
- Vestland fylkeskommune tek ansvar som eit føregangsfylke i Noreg for utvikling av ny miljøvennleg teknologi og ein grøn industri som skapar vekst og velferd i heile Noreg. Vestland fylkeskommune vil arbeide for at all produksjon av varer og tenester skjer på ein berekraftig måte.
- Vestland fylkesting vil arbeide for ei rettferdig omlegging som sikrar velferd og arbeidsplassar.
- Vestland fylkesting oppmodar kommunar, fylkeskommunar og Storting til å erklære klimakrise og naturkrise.»

Det var 64 representantar til stades.

Fylkestinget vedtok å realitetsbehandle forslaget mot 3 røyster (3FNB). Forslaget vart handsama som PS 21/18 Global klima- og økologisk krise.

SI 4/20 Interpellasjon frå Berthelsen (SV) - oppretting av mineralråd

Saksprotokoll i 03.03.2020 - fylkestinget

Fylkesordførar gav slikt svar:

Fylkesordføraren ønskjer først å dra opp nokre rettslege utgangspunkt for oppretting av folkevalde organ og andre samarbeidsformer.

Folkevalde organ er regulert i kommunelova kapittel 5. Utval er nærare regulert i § 5-7. Representantskap og andre styringsorgan for eit interkommunalt politisk råd er og eit folkevald organ, jf. kommunelova § 5-1 (2) bokstav i. Interkommunalt politisk råd er nærare regulert i kommunelova kapittel 18.

Fylkestinget har mynde til å opprette utval og interkommunalt politisk råd, jf. §§ 5-7 og 18-1. Slikt mynde kan ikkje delegerast.

Kommunelova § 17-1 gir dessutan heimel for interkommunalt samarbeid innan nærare rammer.

Når det gjeld vurdering av kva rettsleg status mineralrådet har, kan ein slå fast at det ikkje er eit *utval* etter kommunelova § 5-7. Fylkesordføraren har òg vurdert om rådet er å sjå som eit interkommunalt politisk råd etter § 18-1. Fylkesordføraren peiker på at det er *kommunestyre* og *fylkesting* som vedtek oppretting av både utval og interkommunalt politisk råd, og at slikt mynde ikkje kan delegerast. Fylkesordføraren syner vidare til at reglementet for mineralrådet manglar sentrale føresegner kommunelova § 18-4 set til kva ein samarbeidsavtale mellom deltakarane i rådet skal innehalde, mellom anna om rådet er eit eige rettssubjekt, kva mynde rådet har, uttreden og oppløysing.

Fylkesordføraren har på bakgrunn av det nemnde kome til at det oppretta mineralrådet ikkje har status som eit folkevald organ i Vestland fylkeskommune. Dette er likevel ikkje til hinder for Vestland fylkeskommune si deltaking i interkommunalt samarbeid. Det er til

utarbeiding ei sak i løpet av 2020, og som mellom anna vil vurdere rådet sin funksjon og organisering. Det vil vere opp til fylkestinget i Vestland å vurdere vidare deltaking i rådet. Fylkesordføraren viser i den samanheng og til svar gjeve på interpellasjon SI 4/2019 i fylkestinget i desember 2019.

Når det gjeld løyvde midlar, løyvde fylkestinget i Sogn og Fjordane i møte 08.10.2019 midlar til rådet i samband med behandling av sak *Tertialrapport 2/19*. I møte i fylkesutvalet 10.12.2019, i sak *Oppfølging av fylkestingsvedtak - sak nr 48/19 mineralråd*, vart løyvinga effektivt. Fylkesordføraren kan ikkje sjå at det ligg føre noko rettsleg grunnlag for å krevje attende midlane. Fylkesordføraren set likevel spørsmålsteikn kring kvifor deltaking i eit slikt mineralråd ikkje vart løfta som sak til fellesnemnda.

Åsmund Berthelsen (SV) sette fram slikt forslag:

«Vedtak:

Vestland fylkeskommune ser at mineralrådet er ulovleg oppnemnt og organisert og trekker difor sin representant ut av rådet og vel heller ikkje nokon nye. Vestland fylkeskommune vil vurdere behovet for eit mineralråd eller om det er andre måtar å arbeide for utvikling av mineralnæringa i Vestland på. Vestland fylkeskommunen krev å få tilbakebetalt midlane som vart løyvd til arbeidet i mineralrådet.»

Avrøysting til sakskartet

Det var 63 representantar til stades.

Fylkestinget tok stilling til om forslaget skulle realitetsbehandlast.

50 av representantane (A, Sp, H, Frp, FNB, KrF) røysta mot at forslaget skulle realitetsbehandlast. Forslaget vart dermed ikkje realitetsbehandla, jf. kommunelova § 11-3.

SI 5/20 Interpellasjon frå Distad (H) - rutetilbod til innbyggjarar og næringsliv som vert råka av stengde fylkesvegar

Saksprotokoll i 03.03.2020 - fylkestinget

Fylkesordførar gir slikt svar:

«Noralf Distad viser til at jord- og snøskred har ført til stengde vegar og isolerte bygder dei siste månadane, og at fleire vegar er stengt på grunn av rasfare. Stengingane medfører negative konsekvensar for innbyggjarar og næringsliv. Distad viser til at kommunar i dag har etablert skysstilbod ved hendingar med stengde vegar og har teke opp spørsmål om finansiering av skysstilbodet.

I sin interpellasjon spør Distad om fylkesordføraren vil ta initiativ til å etablere rutetilbod til innbyggjarar og næringsliv som vert råka av stengde vegar.

Fylkesordføraren meiner at Distad tek opp ei viktig problemstilling i sin interpellasjon. Ansvar for å etablere eit skysstilbod til innbyggjarar og næringsliv som vert råka av stengde vegar ligg i grenselandet mellom kommunalt og fylkeskommunalt beredskapsansvar. Fylkesordføraren vil gje honnør til dei kommunane, som i vinter har handla raskt med å setja inn båtruter. Fylkeskommunen bør laga rutiner for samspel med kommunar og iverksetjing av rutetilbod ved ras og stengde vegar.

Administrasjonen vil komme tilbake med ei sak som tek opp denne problemstillinga.»

SI 6/20 Interpellasjon frå Kolbotn (R) - nei til uønska vindkraftanlegg i Vestland!

Saksprotokoll i 03.03.2020 - fylkestinget

Fylkesordførar gav slikt svar:

Fylkestinga i Hordaland og Sogn og Fjordane behandla i oktober 2019 forslaget til «Nasjonal ramme for vindkraft». Etter å ha mottatt over 5.000 høyringsfråsegn, der dei

fleste var kritiske, ble nasjonal ramme for vindkraft til slutt skrinlagt av regjeringa. I forlenginga av dette har fylkesordføraren fått tre spørsmål og eit framlegg til vedtak frå fylkestingsrepresentanten Terje Kolbotn (R). Spørsmåla og framlegget til vedtak finn ein i interpellasjonen frå Kolbotn i sakspapira.

Fylkesordførar sitt svar på spørsmål 1

Vestland legger stor vekt på lokale forhold og meiningane til dei enkelte kommunane når vi behandlar vindkraftsakar. Det vil fylkeskommunen fortsette å gjere i alle framtidige saker om utbygging av vindkraftverk.

Fylkesordførar sitt svar på spørsmål 2

Fylkeskommunen er høyringspart i alle saker som omhandlar bygging av vindkraftverk i fylket vårt. Vi er ei tung aktør i slike saker og vi opplever at NVE og OED lyttar til oss og våre meiningar ved slike spørsmål. Vi skal syte for at lokale standpunkt og meiningar frå kommunestyra vektleggast og tydeleggjerast i våre høyringsfråsegn.

Fylkesordførar sitt svar på spørsmål 3

Fylkesordføraren vil heller foreslå følgjande alternativ; sakshandsaming av søknad skjer i tråd med den politiske plattformen:

«Vestland fylkesting vil ikkje ha utbygging av vindkraft i urørt natur eller på bekostning av viktige verdiar knyta til natur, landskap, friluftsliv, kulturminne/kulturmiljø og reiseliv, og som er i strid med lokale kommunestyrevedtak.»»

Fylkestinget tok stilling til om forslaget skulle realitetsbehandlast.

41 av representantane (A, Sp, H, KrF) røysta mot at forslaget skulle realitetsbehandlast. Forslaget vart dermed ikkje realitetsbehandla, jf. kommunelova § 11-3.

SI 7/20 Spørsmål frå Ljosland (KrF) - rutine for varsling av alvorlig IKT-svikt

Saksprotokoll i 03.03.2020 - fylkestinget

Fylkesordførar gav slikt svar:

«Spørsmål nr. 1

Hvilke rutiner er for varsling av alvorlig IKT-svikt i fylkeskommunen?»

Svar frå fylkesordførar:

Det er utarbeidd IKT-beredskapsplan for Vestland fylkeskommune. Overordna dekkar denne kritisk infrastruktur og kritiske fag-/fellessystem, samt rutinar for å setje kriseleing i seksjon IKT og varslingsrutinar vidare.

Spørsmål nr. 2

«Hvordan kan det ha gått hele fem dager før det ble gitt erstatningstelefon til denne viktige tjenesten?»

Svar frå fylkesordførar

Sørås tannklinikk er ein av få tannklinikkar som har sin eigen lokale telefonsentral med avtale direkte mot leverandør. Leverandør, i dette tilfelle Atea og underleverandør Telenor, vart varsla så snart tannklinikken opplevde brot på telefonlinje. Telenor meldte tilbake rettetid kl 12:00 påfølgande dag. Dessverre vart det frå Telenor si side daglege utsetjingar, og uheldigvis vart ikkje dette fanga opp av leiinga verken i Tannhelse eller seksjon IKT tidsnok til å få på plass erstatningstelefon tidlegare. I lys av dette ser vi på våre rutinar på nytt, samt at vi ser på tiltak for å kome bort frå gamal teknologi/telefonsentral på Sørås tannklinikk.

Spørsmål nr. 3

«Vet man hvor mange oppringninger man gikk glipp av i denne perioden og hvilken informasjon som ble gitt akuttpasienter når de ringte?»

Svar frå fylkesordførar

Vi har dessverre ikkje klart å få slike tal frå vår underleverandør.»

SI 8/20 Spørsmål frå Framnes (FrP) - kostnader til ferge drift for perioden 2015-20

Saksprotokoll i 03.03.2020 - fylkestinget

Fylkesordføraren gav slikt svar:

«Tabellane under syner kostra tal for 2015-2018, rekneskapstal for 2019 og budsjettal for 2020.

Mill kr	2015	2016	2017	2018 *	2019 **	2020 ***
Hordaland	305,6	307,8	285,3	352,0	387,2	-
Sogn og Fjordane	105,6	114,4	128,0	123,2	151,2	-
Vestland	411,2	422,2	413,3	475,1	538,4	901,6

* 2018 første år med bruttokontrakt, 2 samband (Krokeide-Hufthamar og Husavik-Sandvikvåg)

** 2019 andre år med bruttokontraktar, 2

samband Austevoll, 1 ny kontrakt

(Masfjordnes-Duesund)

*** 2020 budsjettal,

alle kontraktar er

bruttosamband

I Sogn og Fjordane er alle dei fylkeskommunale ferjesambanda nettokontraktar

Den største ferjekontrakten i Sogn og Fjordane, med fire samband, hadde oppstart i perioden 2016-2018. Den nye kontrakten medførte ca 40 % kostnadsvekst grunna strengare lovkrav til universell utforming og klima/miljø.

Kontrakten som gjeld sambandet Daløy-Haldorneset skulle eigentleg ha oppstart 1.1.2019, men etter at ny operatør trakk seg måtte gamal kontrakt forlengast eitt år for å gje tid til ny konkurranse. Denne forlenginga medførte ein auke i kostnaden på dette sambandet ifht. 2018.

I juni 2019 kom sambandet Barmen-Barmsund inn som eit fylkeskommunalt samband. Tidlegare var dette eit samband i Selje kommune sin regi, og då betalte fylkeskommunen eit tilskot på om lag 2,5 mil. for medfinansiering for skuleskyss og fylkeskommunalt minstetilbud på båt. Denne kostnaden var bokført under båt, og ikkje ferje i rekneskapen.»

SI 9/20 Spørsmål frå Hammer (SV) - Hordfast og statlig plan

Saksprotokoll i 03.03.2020 - fylkestinget

Fylkesordføraren gav slikt svar:

«Spørsmål 1.

Det er gjennomført to møter i Regionalt planforum for Hordaland om Hordfast; E39 Stord - Os. Første møte var 24.03.2015 der forslag til planprogram ble diskutert. Andre møte var 17.3.2016 da planprogrammet var vedtatt og planframlegget var i utarbeidingsfasen.

Spørsmål 2.

Fylkesutvalet i Hordaland handsama Forslag til statleg plan for Hordfast i møte 23.02.2017 med 16 vedtakspunkt. Mellom anna gikk det fram at Fylkesutvalet vektla omsynet til nasjonale og regionale kulturminneverdiar, landskap og friluftsliv ved Bårdsundet og tilrådde kryssing ved senketunnel.

Fylkesutvalet i Hordaland gjorde også følgjande vedtak 2. mai 2019:

«Hordaland fylkeskommune sine innspel i høyringa til kommunedelplanen vart handsama i fylkesutvalet sitt møte den 23. februar 2017 og er oversendt SVV.

Fleire av innspela er etter vårt syn ikkje tatt tilstrekkeleg omsyn til i det planforslaget som SVV har oversendt kommunaldepartementet. Dette er punkt som er av vesentleg betydning for det vidare reguleringsarbeidet, finansiering og anna utgreiing som skal gjennomførast i det vidare planarbeidet med prosjektet. Fylkesutvalet ber om eit møte med kommunalministeren for å belysa desse utfordringane før ein gjer bindande vedtak for det vidare arbeidet.»

Kommunal -og moderniseringsdepartementet sendte sitt vedtak av planen i brev av 5.9.2019. Der går det fram at det i arbeidet med reguleringsplan skal legges vekt på ytterligere å begrense inngrep i i verdifull natur. Det forventes at Statens vegvesen samarbeider tett med Fylkesmannen i Hordaland for å identifisere tiltak som kan begrense negative miljøvirkninger av tiltaket. Økologisk kompensasjon skal utredes og vurderes. Det planlegges ikke for senketunnel under Bårdsundet.

Fylkesordføraren synest det er beklageleg at ikkje fylkeskommunen sine og fylkesmannen sine innspel til statleg plan er følgt opp, til tross for tydeleg uttale frå fylkesutvalet og oppmoding til møte med KMD.

Spørsmål 3.

Det er tilrådd at Regionalt planforum vert nytta i planprogram-/oppstartsfasen og før planframlegg vert lagt ut til offentleg høyring. Hordfast har vore i regionalt planforum i begge desse fasane.

I kommunale planprosessar er det vanleg med dialog- og drøftingsmøte etter høyringsfasen dersom det er vurdert at planframlegget er i strid med nasjonale eller regionale interesser og motsegn vert vurdert. I dei statlege planprosessane har ikkje fylkeskommunen eller fylkesmannen motsegnrett, men i uttalane går det tydeleg fram at det vert vurdert at planframlegget er i strid med nasjonale og regionale interesser.

Etter fylkesordførar si vurdering har Statens vegvesen oppfylt minimumskravet til medverknad i planprosessen med Hordfast. Prosessen etter høyring kunne likevel vore betre ut frå at nasjonale og regionale interesser vart råka. Kommunal- og moderniseringsdepartementet burde følgt opp innspela om møte i saka.

For framtida kan Vestland fylkeskommune vurdere å nytte Regionalt planforum for statlege planar i fasen etter høyring dersom regionale og nasjonale interesser vert råka.»

SI 10/20 Spørsmål frå Hestetun (A) - kollektivtilbod i Sædalen

Saksprotokoll i 03.03.2020 - fylkestinget

Fylkesordføraren gav slikt svar:

«I samband med dialogen med bebuarar i Øvre Sædalen, har fylkesordførar bede Skyss om ei vurdering av moglegheitene for å betre kollektivtilbodet i området. Dette med bakgrunn i at Øvre Sædalen er under utbygging, og at tilgangen til eksisterande kollektivtilbod vert opplevd som lite tilfredsstillande.

Linje 80 (Nesttun-Sædalen-Strandkaien) utgjer dagens tilbod i Sædalen. Tilbodet er vesentleg styrka seinare år, og linje 80 er i dag ei tung linje som betener store bustadområde rundt Helldalen og Sædalen. Med utgangspunkt i dagens tilbod er det sett på moglegheiter og trafikale konsekvensar av å legge om traséen på linje 80, slik at denne også dekkar Øvre Sædalen.

Ei omlegging av linje 80 vil medføre ei vesentleg ulempe i reisetid for dei fleste reisande på linja. Lenger reisetid må vegast opp mot omsynet til å redusere gangavstand til kollektivtilbodet for enkelte bustadområde langs traseen. Dei fleste i Sædalen og i Øvre Sædalen har maksimum kring 600 meter gangavstand til næraste busstopp. Einskilde område har noko lenger gangavstand, men som likevel ikkje forsvarar å endre det eksisterande tilbodet i området. Deling av tilbodet, der nokre avgangar går til Øvre Sædalen og andre til Nesttun, vil gje eit dårlegare tilbod for det store fleirtalet av dei busette i området. Den samla vurderinga er at ei omlegging av linje 80 ikkje er å anbefale.

Når det gjeld infrastruktur er det sett på i kva grad det er mogleg å køyre buss i Øvre Sædalen. Konklusjonen er at traséen delvis er for bratt og for smal for den type buss som i dag betener området. Det er heller ikkje naturlege plasseringar for haldeplassar eller snusløyfe for buss. Vidare er vegen ikkje ein fylkesveg, noko som er ei ulempe mellom anna knytt til vintervedlikehald for å få bussane fram på dagar med is og snø.

Øvre Sædalen er eit typisk eksempel på område som blir utbygd, utan at det er planlagt for eit kollektivtilbod frå starten av. Det er fleire tilsvarande områder som ikkje er mogleg å betene med dagens kollektivløysingar fordi det ligg avsides eller kronglete til, eller ikkje er egna for eit kapasitetssterkt tilbod med store bussar. Skyss/Kringom arbeider med konkrete tiltak for å få erfaringar i bruk av fleksible løysingar med mindre køyretøy, med omsyn til tekniske, økonomiske og ulike praktiske forhold. Her kan piloten i Odda med bruk av konseptet HentMeg nemnast som eit døme på tiltak som vil tilføre viktige erfaringar. Det er eit mål å få fram fleire pilotar for uttesting av konsept for denne type transportløysingar, tilpassa ulike transportbehov i både by- og distriktsonområde. Fylkesordføraren meiner at Skyss/Kringom må arbeida vidare med tiltak for å auka kollektivandelen enno meir i området, og følgja dette opp med Samo.»

SI 11/20 Spørsmål frå Halleraker (H) - fiskerihavner i Vestland

Saksprotokoll i 03.03.2020 - fylkestinget

Fylkesordføraren gav slikt svar:

«Spørsmål 1:

Avdeling for Inovasjon og næringsutvikling og Eigedomsavdeling hadde allereie hausten 2019 fyrste møte for å vurdere kva prosess som er naudsynt for å skaffe oversikt over bruk og nytte av dei 99 fiskerihamnene til Vestland. Det blei konkludert med at det var naudsynt med ein strukturutgreiing med ei brei involvering og høyring av lokale myndigheiter og interessentar. Utgreiinga vil også vurdere om totalt tal på hamner som blir vidareført som aktive vedlikehaldne fiskerihamner kan reduserast. Det er i budsjettet sett av midlar til ein slik utgreiing, og arbeidet vil starta opp våren 2020.

Spørsmål 2:

Avdeling for Inovasjon og næringsutvikling og Eigedomsavdeling har hatt samtalar med representantar for både fiskerihamna i Langevåg og Kalvåg. Begge hamnene låg inne i NTP for perioden 2024-2029. Det er også motteke ein søknad om ynskje om lokal forskotering av fiskerihamna i Langevåg mot garanti for framtidig refusjon frå fylkeskommunen. Fylkesrådmannen har til hensikt å framlegga sak om forskotering av

fiskerihamna i Langevåg til neste ordinære fylkesting. For fiskerihamna i Kalvåg vil ein ta opp dialogen med sikte på å utvikla prosjektet vidare.»

SI 12/20 Spørsmål frå Bjørlo (V) - lærlingar

Saksprotokoll i 03.03.2020 - fylkestinget

Fylkesordføraren gav slikt svar:

«Erfaringar frå tidlegare arbeid i dei to fylka:
Tidlegare Hordaland og Sogn og Fjordane fylke hadde ulike tiltak for formidlings- og nettverksarbeid.

- Hordaland har i prosjektet «Auka gjennomføring - fleire ut i lære» utvikla eit verktøy og ulike metodar som skulane har nytta i arbeidet med å oppfylle samfunnskontrakten. Prosjektet har vekt nasjonal merksemd.
- Sogn og Fjordane sitt mål- og strategidokument, 2016-2019, sette særleg merksemd på fag- og yrkesopplæringa. Dette resulterte i systematiske tiltak og øymerka ressursar til formidling- og nettverksarbeidet gjennom stillingar ved dei vidaregåande skulane for arbeidslivskontaktar.
- Arbeidet med å profesjonalisere faget yrkesfagleg fordjuping har vore ei satsing i begge fylkeskommunane.
- Samarbeidsavtalar mellom dei vidaregåande skulane og arbeidslivet er registrert på www.utdanning.no, for å synleggjere samhandlinga den enkelte skule har med arbeidslivet.

Desse tiltaka har gitt sær gode resultat og målet er at alle kvalifiserte elevar skal ha ein lære plass ved utgangen av Vg2. Høyringsutkastet *Med rett til å mestre* (NOU 2019:25) føreslår at fylkeskommunane skal sette av personalressursar for at skulane skal følge elevane over i læretida.

Fylkesdirektøren for opplæring og kompetanse i Vestland fylkeskommune har fått tildelt midlar frå Utdanningsdirektoratet. Midlane finansierer to prosjektstillingar. Det gir høve til å tenke heilskapleg i den nye organiseringa, og arbeidet her vil vere med å utvikla felles praksis for heile Vestland fylke. Den fremste oppgåve er å arbeide med tiltak som får elevane ut i lære, det vil seie samarbeid med dei vidaregåande skulane og i skulane sitt arbeid i lokale bedriftsnettverk.

Ein vil komme tilbake til fylkestinget i budsjett- og økonomiplanarbeidet og arbeidet med mål- og strategiar for vidaregåande opplæring, om innsatsområde knytt til overgangen frå vg2 i skule til opplæring i bedrift.»

SI 13/20 Spørsmål frå Handegard (SP) - Bømlo fiskerihavn AS

Saksprotokoll i 03.03.2020 - fylkestinget

Fylkesordføraren gav slikt svar:

«Avdeling for Innovasjon og næringsutvikling og Eigedomsavdeling har hatt samtalar med representantar for fiskerihamna i Langevåg. Hamna låg inne i NTP for perioden 2024-2029. Det er også motteke ein søknad om ynskje om lokal forskotering av fiskerihamna i Langevåg mot garanti for framtidig refusjon frå fylkeskommunen. Fylkesrådmannen har til hensikt å møte representantar frå både Bømlo fiskerihavn AS og Bømlo kommune for å kunne framlegga sak om forskotering av fiskerihamna i Langevåg til neste ordinære fylkesting.»

SI 14/20 Spørsmål frå Syversen (R) - fiskerihavner i Vestland

Saksprotokoll i 03.03.2020 - fylkestinget

Fylkesordføraren gav slikt svar:

«Spørsmål 1:

Avdeling for Invasjon og næringsutvikling og Egedomsavdeling hadde allereie hausten 2019 fyrste møte for å vurdere kva prosess som er naudsynt for å skaffe oversikt over bruk og nytte av dei 99 fiskerihamnene til Vestland. Det blei konkludert med at det var naudsynt med ein strukturutgreiing med ei brei involvering og høyring av lokale myndigheiter og interessentar. Utgreiinga vil også vurdere om totalt tal på hamner som blir vidareført som aktive vedlikehaldne fiskerihamner kan reduserast. Det er i budsjettet sett av midlar til ein slik utgreiing, og arbeidet vil starta opp våren 2020.

Spørsmål 2:

Avdeling for Invasjon og næringsutvikling og Egedomsavdeling har hatt samtalar med representantar for både fiskerihamna i Langevåg og Kalvåg. Begge hamnene låg inne i NTP for perioden 2024-2029. Det er også motteke ein søknad om ynskje om lokal forskotering av fiskerihamna i Langevåg mot garanti for framtidig refusjon frå fylkeskommunen. Fylkesrådmannen har til hensikt å framlegga sak om forskotering av fiskerihamna i Langevåg til neste ordinære fylkesting. For fiskerihamna i Kalvåg vil ein ta opp dialogen med sikte på å utvikla prosjektet vidare.

Spørsmål 3:

Vestland fylkeskommune signerte avtale om overtaking av fiskerihamnene i Vestland fylkeskommune 13. august 2019 som fylgje av vedtak om slik signering i fellesnemnda juni 2019.»

Politiske saker

PS 2/20 Selskapskontroll av Ferde AS - Revisjonsrapport

Forslag til innstilling

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Ferde AS ber fylkestinget Vestland fylkeskommune sin eigarrepresentant bidra til at **eigarane** syter for å:

1. Innføre tiltak for å sikre tilfredsstillande kontinuitet med omsyn til eigarrepresentasjon i generalforsamling og eigarmøte
2. Etablere ein felles eigarstrategi for Ferde AS
3. Etablere ei rutine for jamlege eigarmøte
4. Følgje systematisk opp eigarrapporteringa frå selskapet (dette kan ev. gjerast i eigarmøta)
5. Fylkestinget ber også om at eigarane lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.05.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Ferde AS ber fylkestinget eigarrepresentanten i Vestland fylkeskommune bidra til å be **styret** syta for at selskapet:

1. Fullfører arbeidet med å utarbeide nye arbeidsavtalar for alle tilsette
2. Utarbeider rutinar for bruk av bierverv og for å dokumentere godkjenning av bierverv
3. Retter opp i dei identifiserte manglane i personvernerklæringa
4. Sikrer at protokollen over behandlingar av personopplysningar blir haldt á jour og er komplett
5. Gjennomfører tilstrekkelege risikovurderingar for behandling av personopplysningar, sikre at desse blir gjennomført før behandlinga finn stad, og at dei femner om alle relevante risikoar
6. Etablerer tilstrekkeleg økonomisk internkontroll, mellom anna:
 - a) Fullføre revideringa av fullmaktsmatrisa, og sikre at denne er eintydig, utfyllande og i samsvar med andre rutinar og retningslinjer, samt inkluderer kjøp under kr. 100 000
 - b) Halde fram med det pågåande forbetningsarbeidet knytt til styring og kontroll på økonomiområde, inkludert med omsyn til å dokumentere rutinar og prosessar, og med å klargjere ansvar og rollar.
 - c) Sikre at det er samsvar mellom rutinar og praksis knytt til godkjenning av fakturaer
 - d) Utarbeide retningslinjer knytt til bestilling og gjennomføring av reiser for å sikre ein lik praksis for dei tilsette

7. Fullfører etableringa av system og rutinar for gjennomføring av anskaffingar, og sikre at desse blir gjort i samsvar med krav i regelverket, og under dette:
 - a) Konkurranseseksjonane anskaffingar i samsvar med krav i regelverket
 - b) Dokumentere innkjøp i samsvar med krav i regelverket
8. Etablerer rutine for å dokumentere relasjonar mellom nærstående og eventuelle transaksjonar mellom desse
9. Sikrer at rutinar for vurdering av uavhengigheit og habilitet i høve innkjøp er utfyllande
10. Gjennomfører planlagt opplæring av tilsette som gjer innkjøp
11. Fylkestinget ber også om at styret syter for at selskapet lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.05.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Saksprotokoll i 13.02.2020 - kontrollutvalet

Handsaming i møte

Partner i Deloitte, Birte Bjørkelo, og forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, presenterte resultatet av den gjennomførte selskapskontrollen og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Kontrollutvalet ber om at Deloitte får høve til å gje ein presentasjon på 45 minuttar i fylkestinget 03. - 04.03.2020.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Ferde AS ber fylkestinget Vestland fylkeskommune sin eigarrepresentant bidra til at **eigarane** syter for å:

1. Innføre tiltak for å sikre tilfredsstillande kontinuitet med omsyn til eigarrepresentasjon i generalforsamling og eigarmøte
2. Etablere ein felles eigarstrategi for Ferde AS
3. Etablere ei rutine for jamlege eigarmøte
4. Følgje systematisk opp eigarrapporteringa frå selskapet (dette kan ev. gjerast i eigarmøta)
5. Fylkestinget ber også om at eigarane lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.05.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Ferde AS ber fylkestinget eigarrepresentanten i Vestland fylkeskommune bidra til å be **styret** syta for at selskapet:

1. Fullfører arbeidet med å utarbeide nye arbeidsavtalar for alle tilsette
2. Utarbeider rutinar for bruk av bierverv og for å dokumentere godkjenning av bierverv
3. Retter opp i dei identifiserte manglane i personvernerklæringa
4. Sikrer at protokollen over behandlingar av personopplysningar blir haldt á jour og er komplett
5. Gjennomfører tilstrekkelege risikovurderingar for behandling av personopplysningar, sikre at desse blir gjennomført før behandlinga finn stad, og at dei femner om alle relevante risikoar
6. Etablerer tilstrekkeleg økonomisk internkontroll, mellom anna:
 - a) Fullføre revideringa av fullmaktsmatrisa, og sikre at denne er eintydig, utfyllande og i samsvar med andre rutinar og retningslinjer, samt inkluderer kjøp under kr. 100 000
 - b) Halde fram med det pågåande forbettringsarbeidet knytt til styring og kontroll på økonomiområde, inkludert med omsyn til å dokumentere rutinar og prosessar, og med å klargjere ansvar og rollar.
 - c) Sikre at det er samsvar mellom rutinar og praksis knytt til godkjenning av fakturaer
 - d) Utarbeide retningslinjer knytt til bestilling og gjennomføring av reiser for å sikre ein lik praksis for dei tilsette
7. Fullfører etableringa av system og rutinar for gjennomføring av anskaffingar, og sikre at desse blir gjort i samsvar med krav i regelverket, og under dette:
 - a) Konkurranseseksjonane anskaffingar i samsvar med krav i regelverket
 - b) Dokumentere innkjøp i samsvar med krav i regelverket
8. Etablerer rutine for å dokumentere relasjonar mellom nærstående og eventuelle transaksjonar mellom desse
9. Sikrer at rutinar for vurdering av uavhengigheit og habilitet i høve innkjøp er utfyllande
10. Gjennomfører planlagt opplæring av tilsette som gjer innkjøp

11. Fylkestinget ber også om at styret syter for at selskapet lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.05.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Saksprotokoll i 03.03.2020 - fylkestinget

Orientering om «Selskapskontroll av Ferde AS - Revisjonsrapport» v/ Birte Bjørkelo, partner i Deloitte.

Sigbjørn Framnes (Frp) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Ny innledning

Fylkestinget er svært kritisk til styret sin forvaltning av Ferde AS, og tidlige eierrepresentanter sin utøving av eierskapet i selskapet. Ny eierrepresentant skal gå i dialog med de andre eierne i Ferde, for å starte arbeidet med å få på plass nytt styre på førstkommande generalforsamling.»

Terje Kollbotn (R) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Vestland fylkesting har ikkje tillit til styret og dagleg leiar i Ferde AS.
2. Vestland fylkesting ber generalforsamlinga i Ferde AS om snarast råd å få på plass eit nytt styre.
3. Vestland fylkesting sluttar seg tilrådingane frå Kontrollutvalet om vidare tiltak i Ferde AS og ber generalforsamlinga, eigarmøtene og det nye styret om å sjå til at desse tiltaka raskt blir fulgt opp i selskapet.
4. Vestland fylkesting ber Riksrevisjonen gjennomføre ei uavhengig tilleggsrevisjon av Ferde AS.»

Trym H. Aafløy (FNB) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Vestland fylkesting mener styret ikke har oppfylt sine eieres interesser.
2. Vestland fylkesting ber generalforsamlingen i Ferde AS om å oppnevne et nytt styre for selskapet, om mulig i ekstraordinær generalforsamling.
3. Et nytt styre skal bestå av både fagpersoner og politisk valgte styrerepresentanter.
4. Vestland fylkesting mener generalforsamlingen må påse at Kontrollutvalgets konklusjoner om vidare tiltak i Ferde AS bli blir fulgt opp.
5. Vestland fylkesting ber eierne om å utvikle en mer aktiv eierskapspolitikk, med en tetter oppfølging av Ferde AS.
6. Vestland fylkesting tilrår at ny valgnemnd velges av fylkestinget, med en politisk sammensetning.»

Kollbotn trakk sitt forslag.

Aafløy trakk sitt forslag.

Framnes sitt forslag vart endra til eitt fellesforslag på vegner av (H, Frp, FNB, Pp, SV, R).

Avrøysting

Framnes sitt forslag fekk 31 røyster (H, Frp, FNB, Pp, SV, R) og fall.

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Ferde AS ber fylkestinget Vestland fylkeskommune sin eigarrepresentant bidra til at **eigarane** syter for å:

1. Innføre tiltak for å sikre tilfredsstillande kontinuitet med omsyn til eigarrepresentasjon i generalforsamling og eigarmøte
2. Etablere ein felles eigarstrategi for Ferde AS
3. Etablere ei rutine for jamlege eigarmøte
4. Følgje systematisk opp eigarrapporteringa frå selskapet (dette kan ev. gjerast i eigarmøta)
5. Fylkestinget ber også om at eigarane lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.05.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Ferde AS ber fylkestinget eigarrepresentanten i Vestland fylkeskommune bidra til å be **styret** syta for at selskapet:

1. Fullfører arbeidet med å utarbeide nye arbeidsavtalar for alle tilsette
2. Utarbeider rutinar for bruk av bierverv og for å dokumentere godkjenning av bierverv
3. Retter opp i dei identifiserte manglane i personvernerklæringa
4. Sikrer at protokollen over behandlingar av personopplysningar blir haldt å jour og er komplett
